



Kommunane i Møre og Romsdal

Oversending av jordlovsvedtak for vurdering etter forvaltningslova § 35

Fylkesmannen skal som sektorstyresmakt for landbruk gje innspel og merknader til kommunale planframlegg, og til søknader om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 som vedkjem landbruksinteresser.

I samband med dispensasjonssaker førekjem det at Fylkesmannen finn grunn til å be om oversending av kommunen sitt vedtak etter jordlova §§ 9 og 12. Det er her viktig at Fylkesmannen vert underretta parallelt med at melding om vedtaket vert sendt søkaren, og elles snarast etter at vedtak ligg føre.

Fylkesmannen si rolle etter jordlova, nasjonale mål

Fylkesmannen er klageinstans for kommunale avgjerder etter jordlova. I motsetnad til saker etter plan- og bygningslova har Fylkesmannen derimot ikkje fråsegn- eller klagerett. I praksis vert Fylkesmannen derfor ofte først kjent med kommunale jordlovssaker ved høyring av dispensasjonssøknad for same areal, jf. pbl. § 19-2. For nærare omtale av kommunen si rolle i delings- og omdisponeringssaker etter jordlova, viser vi til rundskriv M-1/2013 frå Landbruks- og matdepartementet.

Fylkesmannen skal også følgje opp kommunal praksis med sikte på å unngå at avgjerder er i strid med regelverk og nasjonale retningslinjer. Fylkesmannen skal såleis ivareta rettstryggleiken til den enkelte, i tillegg til å arbeide for at lokal praktisering av lovføresegnene bidreg til nasjonale mål. Det vert i denne samanhengen vist til stortingsvedtak av 08.12.2015 om nasjonal jordvernstrategi, med målsetting om å redusere omdisponeringa av dyrka mark til 4000 dekar årleg innan 2020, mot 5962 dekar i 2014.

I 2014 vart 533 dekar dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk i Møre og Romsdal.¹ Dette utgjorde om lag 9 % av omdisponeringa på nasjonalt nivå, som er eit relativt høgt delta. Fylket hadde særleg høgt omfang ved omdisponering i enkeltsaker etter jordlova, totalt 211 dekar, som utgjorde nesten $\frac{1}{6}$ av arealet for slike saker nasjonalt. Med bakgrunn i nasjonale mål vil Fylkesmannen derfor oppmode kommunane om ei restriktiv haldning i jordvernsaker, samstundes som jordvernomsyn i planarbeid vert balansert og avstemt mot andre viktige samfunnsinteresser.²

¹ Kjelde: SSB, KOSTRA.

² Jf. kgl.res. 12.juni 2015; *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*

Oversending av jordlovsvedtak

I enkeltsaker der saka gjev grunn til det, kan Fylkesmannen be om å få oversendt eit kommunalt vedtak om omdisponering eller deling etter jordlova §§ 9 og 12. Dette skjer som oftast i samband med fråsegn til dispensasjonar etter plan- og bygningslova, eller der Fylkesmannen på annan måte får kjennskap til ei kommunal avgjerd.

Fylkesmannen kan med heimel i jordlova § 3 også pålegge ein kommune å rapportere vedtak som fast ordning i ein avgrensa periode. Slik rapporteringsplikt vert berre nytta der det er indikasjonar på at lokal praksis er i strid med regelverket eller nasjonale retningslinjer, jf. brev av 15.10.2009 frå Landbruks- og matdepartementet til fylkesmennene. Utanom dette har kommunane ikkje noko generell plikt til å underrette Fylkesmannen om jamleg praksis.

Formålet med å be om oversending av eit kommunalt vedtak, er å vurdere om det kan vere grunnlag for omgjerung utan klage, jf. forvaltningslova § 35. Omgjerung kan skje dersom vedtaket er ugyldig, eller «*dersom hensynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser tilsier det*». Det er tidlegare lagt til grunn at det ligg føre offentlege interesser dersom eit vedtak er eigna til å dreie jordlovspraksis i klart uheldig retning.

Forvaltningslova har strenge reglar for omgjerung til skade for ein part, dersom vedtaket elles er gyldig. Melding om at forvaltninga vil vurdere omgjerung må vere sendt parten innan tre veker frå vedkommande først fekk underretning om vedtaket. Vidare må endeleg avgjerd i omgjerungssaka takast innan tre månader frå same dato.

Fristane ovanfor er absolutte og kan ikkje forlengast. Det er derfor særleg viktig at Fylkesmannen, i dei sakene vi ber om å få tilsendt vedtak, får underretning samstundes med parten eller så snart som mogleg etter dette tidspunktet. Fylkesmannen har i fleire saker det siste året erfart at kommunen først oversender vedtak etter at omgjerungsfristen er ute. Dette er uheldig og kan i realliteten føre til at Fylkesmannen ikkje vert i stand til å ivareta rolla som sektorstyresmakt. Vi ber kommunane merke seg dette for framtida.

Fylkesmannen presiserer at omgjerung etter forvaltningslova § 35 er eit strekt virkemiddel overfor både kommunen og den private parten. Vi strekar såleis under at omgjerung framleis føreset ein viss terskel. Denne terskelen står fast, uavhengig av dei signala som elles er gitt i dette brevet. Samstundes vil ein slik terskel tidvis innebære at Fylkesmannen ikkje nødvendigvis går god for eit kommunalt vedtak, sjølv om avgjerda ikkje vert omgjort. Vi ber derfor kommunane vise varsemd med å vektleggje manglande omgjerung som sjølvstendig moment ved ei etterfølgjande dispensasjonshandsaming, men at kommunane på vanleg måte gjer ei sjølvstendig og kunnskapsbasert avveging av relevante arealbruksinteresser.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
landbruksdirektør

Arnt Erik Nordheim

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.